

# Innspel til Temaplan for breiband og digitalisering 2023-2029

## Oppsummering

### Innspel

<b>Organisasjon</b>	Næringsalliansen Vestland
<b>Namn</b>	Espen Børhaug
<b>E-post</b>	hans.inge.gloppen@vlfk.no

### **Andre innspel**

Næringsalliansen Vestland vil takke for høvet til å gje innspel til Temaplan breiband og digitalisering. Næringsalliansen er samansett av 16 næringsråd som representerer i overkant av 3000 bedrifter med meir enn 130.000 arbeidsplassar i Vestland fylke. Vi meiner det er viktig med ein heilskapleg plan for breiband og digitalisering, men vi trur planen bør ha eit lengre perspektiv enn fram til 2029.

### **Digital infrastruktur**

- Det er avgjerande at kommunane i Vestland har god breibandsdekning, og det er viktig at fylkeskommunen medverkar til at den digitale infrastrukturen kjem på plass i alle kommunane.
- Mobildata for 5G vil verta eit viktig konkurransefortrinn for næringslivet. Fylkeskommunen bør difor vera pådrivar ovanfor operatørane for å få dette på plass i alle kommunane.
- Etablering av datasenterindustri må berre skje der fornybar kraft er kortreist, og der det finst tilrettelagte areal. Fornybar kraft er ein ressurs det skortar på i Vestland fylke. Linjenettet manglar kapasitet, og kraftbehovet knytt til det grønne skiftet, særleg ute ved kysten, er sterkt aukande.
- Verdiskaping og arbeidsplassutvikling i heile fylket må vega tungt i utbygging av digital infrastruktur.

### **Digital samfunnsutvikling**

- Digitalisering av samfunnet vil skje i eit stadig høgare tempo, og det er viktig at fylkeskommunen saman med kommunane ser til at alle får ta del i denne utviklinga. For næringslivet i dag er det oftast ein klar føresetnad at arbeidstakarar kjem inn med ein viss digital kompetanse.
- Tryggleik for den einskilde og for samfunnet vert særst viktig. Her kan digitalisering verke både positiv og negativt. Det offentlege må spele ei rolle for at den einskilde skal kjenne seg trygg på å handle rett i møte med digitale verktøy. Svindel og dataangrep er eit stort trugsmål for samfunnet og bedriftene våre. Her må det vere ein samanheng frå det nasjonale beredskapsnivået og ned til den einskilde innbyggjar.

### **Digital kompetanse**

- Folketalsutviklinga viser at det vert 22 prosent fleire i gruppa over 65 år i nær framtid. Difor er det viktig at det vert lagt til rette for digital opplæring også utanfor skule, arbeidsliv og næringsliv.
- Vidaregåande opplæring må ha digitalisering som satsingsområde innanfor alle fagområde, slik at det vert naturlege verktøy for alle når dei kjem ut i eit digitalisert samfunn og arbeidsliv.

## Digital verdiskaping og innovasjon

- Digitalisering har eit enormt potensial for utløyning av verdiskaping, og Noreg har eit stort fortrinn med høg kompetanse og godt utbygd infrastruktur. Dette vil verta eit av våre mest framståande konkurransefortrinn innanfor både nye og eksisterande industriar. Robotisering, kunstig intelligens, digitale tvillingar og 3D-printing er allereie del av kvardagen i mange bedrifter.
- Innovasjon er særst viktig innanfor området, og vi meiner det ligg godt til rette for at Vestland kan spele ei viktig rolle i denne utviklinga. Vi vil óg gjerne understreke at fullgod utbygging av eit framtidsretta mobilnett kan få mykje å seie for meir berekraftige måtar å reise på. Dei som i dag vurderer å nytte Bergensbana på arbeidsreiser mellom Bergen og Oslo, kan ikkje rekne med mobildekning før Hallingdalen. Om dette endrar seg til det betre, vil fleire velje bort flyet som transportmiddel. Næringsalliansen meiner Temaplan breiband og digitalisering løftar viktige problemstillingar knytt til området, og vi meiner dei mål som er lagt til grunn er gode og konkrete. Det er viktig at Vestland fylkeskommune, saman med kommunane, tek ei overordna rolle ovanfor næringslivet og samfunnet som heilskap.